

Betydninga av Syltøran i Surnadal som hekke- og næringsareal for fugl.

Ingvar Stenberg og Jan Magne Garte



Rapport til Statsforvaltaren i Møre og Romsdal
Frå Ingvar Stenberg Biolog

Ingvar Stenberg
Lykkjeeidet 1115, 6640 Kvanne
tlf 48136543
epost Ingvar.Stenberg.2@gmail.com

Jan Magne Garte
Bårdshaugveien 27 6650 Surnadal
tlf 48255478
e-post jmgart71@gmail.com

Foto forside:

Enkeltbekkasin fotografert i sitt rette miljø, godt kamuflert i strandenga. På både vår- og hausttrekk kan titals fugl samlast her. Takk vere eit system med varmevekslar i beinas blodårer kan **stokkanda** stå på isen utan å frysa på beina.

FØREORD

Denne undersøkinga er kome istand ved initiativ frå firmaet «Ingvar Stenberg Biolog», etter søknad og tilsagn om midlar frå viltfondet ved Statsforvaltaren i Møre og Romsdal. Eg takkar hermed for økonomisk støtte til arbeidet.

Takseringane av fugl i 2020-2021 er i alt vesentleg utført av Jan Magne Garte, Surnadal (med enkelte bidrag frå underteikna). Han har og gjort det meste av observasjonane frå tidlegare år, og dessutan tatt foto i rapporten. Alle fotografi er frå Syltørane dei siste seks åra.

6640 Kvanne 17.04.2021
Ingvar Stenberg

Samandrag

Rapporten omhandlar ornitologiske registreringar frå Surnas elvedelta på Syltøran (Surnadal kommune, Nordmøre). Bakgrunnen var eit ønske om å dokumentera området sin betydning for fugl til ulike årstider. Mest systematiske studiar, med tre månadlege takseringar, vart gjort i 2020-2021, men observasjonar sidan 2015 er og inkludert i rapporten. Av dei 152 registrerte fugleartane dominerte andefugl, vadefugl og sporvefugl. Av artar som står på den nasjonale raudlista er 31 påvist. Det er konkludert med at området er den mest artsrike fuglebiotopen i kommunen, og kan måle seg med andre elveosar i landselen. Viktigaste funksjon er som rasteområde under trekk. Som hekkebiotop er området i dag av underordna betydning, etter nedgang i desse bestandane, men sandloa har her sin einaste hekkeplass i kommunen. Artanes fordeling i terrenget og preferanse for ulike biotopar er vist ved å inndela strandsona i fire delområde, frå sør til nord (1-4). Området i sør, der Surna har sitt utløp, er verna som naturreservat («Purka»). Nordafor, i dei sentrale og midtre delane, viser restar av gamle elveløp at elva har hatt utløp tidlegare. Variasjonen i biotopar synest størst her (strandeng, mudderbankar og brakkvasskanalar). Det er her ein finn flest artar fugl, inkludert sjeldne og raudlista artar, og dei største ansamlingar av mange trekkande artar (i første rekkje delområde 3). Mange overvintrande fugl synest å foretrekka dette området. Strandsona lengst nord er meir einsarta og i mindre grad påverka av elveutløpet. Her virkar fuglelivet meir ordinært. Undersøkinga har vist at det er avgjerande for fugl at viktige biotopar også utanfor verneområdet «Purka» blir spart.

Innhald

1. Innleiing.....	6
2. Områdebeskriving.....	7
3. Materiale og metodar.....	9
4. Resultat.....	10
4.1. Total artsrikdom.....	10
4.2. Raudlista og regionalt sjeldne artar.....	12
4.3. Betydning som hekkeområde.....	14
4.4. Betydning som raste- og næringsareal for fugl.....	16
5. Oppsummering og diskusjon.....	27
6. Litteratur.....	28
Vedlegg	29

Før utbygging til industriareal var Syltøran ved Surnas utløp saman med Håsøran på Sunndalsøra det største og mest velutvikla elvedeltaet på Nordmøre (Fig.1). Eit delta er danna ved at lausmassar og næringsstoff vert ført med elva og avsett ved elvemunningen, som etterkvart veks utover. Elvas stadige tilførsel gir grunnlag for rik biologisk produksjon. Etter kvart som begge desse områda er tatt i bruk til industriføremål, må naturen som gjenstår best karakteriserast som restbiotopar, sjølv om viktige naturområde er spart ved Surnas utløp. Her finst framleis verdfulle strandområde, men bortsett frå «Purka naturreservat» er naturverdiane i liten grad spesifiserte. Eit område finst innlagt i Naturbase som brakkvassdelta/strandeng, verdivurdert som viktig for biologisk mangfald (av kommunen regulert til «næringsareal»). Strandeng er klassifisert som nasjonalt truga naturtype (Artsdatabanken 2018). Artsmangfald av planter er meir magelfullt kjent enn av pattedyr og fugl. Oteren har blitt eit relativt vanleg syn seinare år, medan villminken nærmast er forsvunne. Andre kjente artar er røyskatt, raudrev og rådyr. Medlemmar av NOF (Norsk Ornitologisk Forening) har i ei årrekke kartlagt fuglelivet i området, og rapportert mange funn på nettsida www.artsobservasjoner.no, utan at dette finst i samanstilt form. Hensikten med denne rapporten er å dokumentera artsmangfald og funksjon for fugl, både i hekketid, trekktid og ved overvintring, gjennom systematiske teljingar over eit heilt år. For samanlikning med dei viktigaste elvedelta i regionen forelegg eldre rapportar frå Håsøran (Hanssen 1980) og Eidsvågøra (Nauste 1976). I nyare tid er det gjort fugletakseringar av Todalsøra i Surnadal kommune (Gjøra mfl 2019).



Figur 1. Syltøran sett i luftperspektiv i 1963 og 2018 (Frå www.norgebilder.no). Kartet viser geografisk plasering.

2. OMRÅDEBESKRIVING

7

Undersøkningsområdet omfattar strandsona frå utløpet av Surna i sør til Glæremstranda i nord og strekkjer seg over ca 2,3 km. Bortsett frå nordlegaste delen utgjer dette Surnas elvedelta, prega av avsetningar frå elva etterkvart som ho har skifta løp gjennom tidene (restar av gamle elveløp vitnar om det). Desse næringsrike massane vert avdekte som mudderbankar ved fjære sjø, og har gitt grunnlag for utvikling av strandeng. I rapporten har vi inndelt strandsona i fire delområde (1-4), kvar med 300 - 700m breidde og med ei utstrekning på 400-700m utover sjøen (**Figur 2a og b**). Delområde 1, Purka naturreservat, er eit brakkvassdelta med strandeng og strandsump og artsrik strandvegetasjon. Delområde 2 er det minste arealet, og består stort sett av strand- og fjære- og gruntvassone. Ein molo er bygd ca. 500m ut i sjøen. Gamle elvekrokar viser at elva tidlegare hadde sitt utløp i delområde 3. Naturen er mest variert her, med mudderbankar, velutvikla strandeng og brakkvasstraumar rike på småfisk. På det høgste flaumar floa over strandenga. Moloane omkring delområde 2 og 3 er truleg gunstig for fugl ved å danna straumar som hvirvlar opp næring og i nokon grad hemma islegging. Dei skjermar mot ver og vind og utgjer rasteplassar. Delområde 4 er minst påverka av elva, men Sagbekken frå Damtjønna på Nordmarka har utløp her. Av praktiske grunnar er delområda avgrensa mot moloar og mot grensa for reservatet. Difor er dei ikkje heilt jamstore.

Utafor undersøkningsområdet utgjer gruntområda fram til marbakken beitemråde for dykkande fugl, såsom skarv, lom og dykkender. I størst antal opptre ærfugl (maks 100 stk) og kvinand (maks 50), noko mindre er flokkane av svartand, bergand, siland og laksand (sjeldan over 20 fugl). Toppand, havelle og sjørre er meir fåtalige. Ved uvér hender det at enkelte alkefugl vert drivne inn til fjordbotnen.



Figur 2a. Undersøkningsområdet på Syltøran med delområda 1-4 avgrensa.



Figur 2 b. Oversikt over Syltøran, med delområde 1 Purka (øverst t.v.), delområde 2 (øverst t.h.), delområde 3 (under t.v.) og delområde 4 (t.h.).

Det vart gjennomført tre månadlege takseringar av delområda 1-4 frå 28.02.2020 til 02.03.2021 (i alt 36). Bruk av teleskop frå 3-4 faste utkikspunkt i strandkanten ga god oversikt over det meste av området. På stader med meir vegetasjon var kartlegging på nærmare hald naudsynt. Dei fleste takseringane var utført på fjære sjø eller halvt omflødd sjø. Særleg for vadefugl gir dette normalt beste forhold for matsøk, og dermed størst oppdagarsjansar. Fuglanes fordeling på dei fire delområda gjennom året er vist grafisk, samt i artstabellar for artar med meir enn 30 registreringar (meir fåtalige artar er slått saman). Med éi registrering av ein art meinest observasjon av eitt individ under ei taksering. Summen av antal registreringar av arten i løpet av året viser normalt ikkje det eksakte antal individ sett, fordi ein må rekna med dobbeltregistreringar. Hensikten er å illustrera fuglanes fordeling mellom dei fire delområda. Sidan områda ikkje er jamstore, er ikkje tala direkte samanliknbare, men i praksis betyr dette lite for vurderingane (med muleg unntak av delområde 2, som er minst).

Avhengig av tidspunkt for islegging og isgang endrast vilkåra for fugl vinterstid, da det normalt er mest ope vatn omkring elveutløpet i sør. Takseringane er difor vist i separate tabellar for november-mars og april-oktober. Totalt var gjort i overkant av 12.000 registreringar av fugl. Artslista inkluderer og observasjonar som var gjort utanfor takseringane. Den er supplert med funn i 2015-2019, da den ornitologiske dekninga var mindre systematisk. Artane sin raudliste-status er basert på siste offisielle raudliste (Henriksen og Hilmo 2015), og kassifisering av sjeldsynte artar for Møre og Romsdal er basert på kriteriar frå NOF (sparsam, sjeldan/lokalt forekomande, meget/ekstremt sjeldan). Det er noko overlapping av artar i desse to listene, fordi ein stor del av raudlisteartane naturleg nok er sjeldne.

Eit vedvarande snøfall i mai foresinka våren i 2020, og bidrog til at somme trekkfugl tok ein ekstra pause på rasteplassane. Dette bør bety gode oppdagarsjansar.

4.1. Total artsrikdom (Tabell 1, Vedlegg 1a og b)


Til saman vart det registrert 123 fugeleartar i dei fire delområda i 2020-2021. Medrekna registreringar sidan 2015 vert totalt artsantal 152. Av desse var 20 artar andefugl (totalt 28 sidan 2015), 23 artar vadefugl (totalt 25) og 59 artar sporvefugl (totalt 65). Mindre talrike artsgrupper var lommar, dykkarar og rovfugl. Følgande grupper var representert med berre ein art: Alkefugl, råkefugl, hegrar, duer, ugler, skarv, trane og gauk. Samla tal på artar var klart størst i delområde 3, med 111 artar siste året, totalt 136 sidan 2015. Områda nærmast elveutløpet (1 og 2) kom ut ganske likt, med ialt 51-53 artar siste året, medan artsantal for området lengst nord var 35. Alle dei tre mest artsrike gruppene, andefugl, vadefugl og spesielt sporvefugl, hadde flest registrerte artar i delområde 3. Siste året var heile 57 artar observert utelukkande i dette området.

Tabell 1. Totalt tal på artar av ulike artsgrupper i delområda 1-4 i 2015-2021. Området med flest artar vist med raud skrift.

Artgruppe/Delområde	År	1	2	3	4
Andefugl	2020-21	13	10	18	10
«	2015-21	18	13	25	12
Vadefugl	2020-21	16	12	20	5
«	2015-21	18	14	24	7
Sporvefugl	2020-21	12	16	56	14
«	2015-21	12	16	62	14
Andre artar	2020-21	12	13	17	6
«	2015-21	12	14	25	10
Sum Alle artar	2020-21	53	51	111	35
«	2015-21	60	57	136	43



Som ein av dei tidlegaste trekkfuglane må **storspoven** livberga seg i lunefullt april-vér, og tilgang til snøfrie område i strandsona er viktig. Her hutrar ein flokk på Syltøran i påvente av vårsøgg i lufta, da vi kan høre hans velkjente spel: «Storspoven læt med vekjømdslåtar lange i dimme luft innover øy og vær» (Hans Hyldbakk 1930, På vandringsveg).



Ved sidan av vadefugl er ender og sporvefugl registrert med flest artar på Syltørane. Her representert med eit par **kvinand**, ei av dei vanlegaste endene, og **gulerle**, som gjestar området regelmessig med kull. Andre grupper forekjem stort sett med enkeltartar, slik som skarvar (**storskarv** t.v. under) og alkefugl (**lomvi** t.h.).

Raudlista og regionalt sjeldne artar (Tabell 2, Vedlegg 1a og b)

12

Både raudlista og regionalt sjeldne artar var registrert i alle fire delområda. I løpet av siste året var ialt påvist 23 artar raudlista fugl og 21 som er klassifisert som sjeldne i fylket (sidan 2015 er antalet henholdsvis antalet 31 og 49). Dei fleste brukar området som raste- og næringsareal når dei er på trekk eller streif forbi. Til vanleg opptrer ikkje sjeldne artar i stort antal, og gjer det heller ikkje her. Somme er sett berre enkelte gonger. Delområde 3 utmerkar seg ved flest artar av begge kategoriar, ikkje minst ved stor andel sjeldne artar, hermed inkludert fem artar gås og sju artar ender. Andefugl dominerer og lista over raudlista fugl. Av sjeldne artar sett i delområde 3 kan dessutan nemnast dvergdykkar, vaktel, temmincksnipe, fjellmyrløpar, isfugl, fjellerke og svartstrupe. Alaskasnipe og svarthalespove er døme på to sjeldne artar som var sett i område 1 og 2.

Tabell 2. Tal på raudlista og regionalt sjeldne artar observert i delområda 1-4. Området med flest artar er markert med raud skrift.

		Delområde			
		1	2	3	4
Raudlista artar	2020-21	13	10	20	7
«	2015-21	16	12	27	9
Sjeldne artar	2020-21	3	4	19	2
«	2015-21	7	7	34	4



Den vakre **isfuglen** var ein attraksjon vintrane 2017 og 2018, da han heldt til ved kanalane i området og jakta småfisk (delområde 3).



Svanane er relativt nye som hekkefuglar i vår landsdel. Medan songsvanen ekspanderer frå nord, er **knoppsvanen** (foto øverst) ein innvandrar sørfrå. Dette paret valgte Syltørane som oppvekstområde for kjuklingane, sjølv om reiret var ein annan stad (to par er kjent frå kommunen). Også den sjeldne **svartstrupen** (nederst) er i ferd med å utvida hekkeområdet. Kanskje Syltørane blir første reirplass i kommunen (forutsatt at biotopen blir bevart)? Som døme på truga artar frå området er her vist **sædgås** og **brushane** (foto over). Sædgåsa er ein nordleg innlandsart, og på bildet ser vi ser vi to ulike rasar (med atskilte hekkeområde). Hos oss er få hekkingar kjent utanfor Finnmark. Brushanen er forsvunne som hekkefugl i Surnadal etter omfattande nedgang i landet, men på vårtrekk kan hannar fortsatt visa seg i sin beste stas. Foto er tatt i delområde 3, unntatt brushanen (område 2).



4.3. Betydning som hekkeområde (Tabell 3)

14

Hekking er konstatert ved funn av reir/ungekull eller ved permanent hevding av revir. Sidan 2015 er det påvist ialt 16 fugleartar med hekke/oppvekstområde i det undersøkte området. Ingen av dei kan seiast å vera sjeldne på noko vis, sjølv om sandloa har ein av få hekkelokalitetar i kommunen her. Våren 2020 var einast registrert hekking av tjeld, sandlo, strandsnipe og fiskemåse i tillegg til diverse sporvefugl (buskskvett, tornsongar, lauvsongar, gransongar og gulsporv). År om anna hekkar siland og ærfugl. Kull av siland som er sett siste åra kan tenkast ha reir i steinfyllingane kring delområde 3. Sjølv om knoppsvana oppheldt seg med kjuklingar her i 2019, er ho ikkje medrekna som hekkefugl, fordi ho hadde reir annan stad. At sporvefugl likar seg best i område 3, er naturleg, fordi det her er mest vegetasjon i form av buskar og strandrug. Sjølv om det er flest hekkande artar i dette delområdet, synest ikkje Syltøran å utmerka seg som spesielt viktig hekkebiotop i dag.

Tabell 3. Hekkefuglar i dei fire delområda i 2015-2019 (h) og 2020 (H).

Art/delområde	Delområde			
	1	2	3	4
Ærfugl	h			
Siland			h	
Tjeld	h	h	H, h	H, h
Sandlo	H,h		H, h	h
Strandsnipe	H,h		H, h	H,h
Fiskemåse	H,h		H, h	H,h
Linerle		H, h	H, h	
Steinskvett			h	
Buskskvett			H, h	
Svartrast			h	
Tornsongar			H, h	
Møllar			h	
Lauvsongar			H, h	
Gransongar			H, h	
Grønfink			h	
Gulsporv			H, h	



Eit vellukka kull av **siland**! Dette er einaste hekkande andearten på Syltøran i seinare år. Sjølv om ho legg reiret godt skjult i strandrug (delområde 3), hender det at at rev o.a. forsyner seg, men oftast veit ho å berga både egg og ungar. Ungekull på opptil 10 stk vitnar om det. Somme år er det jamvel sett to kull her.



Medan **sandloa** (øverst t.v) har sin einaste hekkeplass i kommunen på Syltørane, er **strandsnipa** (t.h.) den vanlegaste vadefuglen i kommunen. Til liks med tjelden brukar sandloa å bygge sitt enkle reir på snau mark utan vegetasjon. Oversikt mot farar er viktig, og begge lykkast rimeleg godt med hekkinga her. Dei fleste sporvefuglar skjuler derimot reiret godt, enten i vegetasjon som **gulsporven** (t.v.) og **tornsongaren** (t.h.) eller i steinur som **steinskvetten** (under). Bortsett frå steinskvetten er dette årvisse hekkefuglar, med fleire par på Syltørane. Den kystbundne tornsongaren har ein sjeldnare slektning, møllaren, som er høyrte her kvart år, og første reirfunn i kommunen vart gjort for få år sidan (i delområde 3, der dei fleste sporvefuglar har reirplass).



4.4. Betydning som raste- og næringsareal for fugl

16

Pga dagens sparsame hekkefuglfauna gjeld omtalen under i hovudsak fugl som nyttar området som beite- og næringsareal ved rast. Her er berre omtalt fugl som var registrert under takseringane i 2020-2021 (observasjonar av andre artar er nemnt i foregåande avsnitt).

Andefugl (gjæss, svanar og ender) **Tabell 4, Figur 3 og 4**

Det var gjort flest registreringar av denne gruppa. Både songsvane, stokkand, kvinand og siland overvintra i området, stokkanda i størst antal (maks 88 i delområde 1). Desse tre andeartane var og vanleg å sjå i tida frå vår til haust, i tillegg til følgande artar: Brunnakke, krikkand, snadderand, knekkand, skjeand, toppand, svartand, bergand og laksand. På vårtrekk var endene for det meste i par, med stokkand som mest talrik (11 par). Tilsaman tolv artar betyr eit rikt artsspekter av ender. Av gruppa andefugl opptreidte elles grågås i størst antal. Ho var sett på hausttrekk med maks 859 fugl i delområde 1, som var det området ho foretrak. Også overvintrande songsvane var mest hyppig å sjå her (79% av registreringane), medan dei tre nemnte andeartane held seg mest til delområde 3 om vinteren (38%- 51%). Også for brunnakke og krikkand var dette området med kanalar og viker mest attraktivt (74% og 58%), og dei var sett i størst antal her (maks henholdsvis 38 og 21 fugl). Til forskjell frå vinteren foretrak kvinanda delområde 1 i sommarhalvåret (68%). Dei åtte øvrige andeartane opptreidte i mindre antal, men samla sett var dei omtrent jamnt fordelt mellom delområde 1 og 3. Ved sidan av trekket vår og haust har steggane eit trekk omkring midtsommar, da dei forlet hekkeområda for å myta fjær. Som ledd i eit slikt mytetrekk dukka det opp ansamlingar av både brunnakke (maks 38 ind), stokkand (30), krikkand (27) og kvinand (44) på Syltøran på denne årstida.

Tabell 4. Antal registreringar av andefugl fordelt på delområde 1-4 i april-oktober (21 takseringar) og november-mars (15 takseringar). Foretrekt område vist med raudt.


ANDEFUGL **april-oktober**

	Grågås	Stokkand	Brunnakke	Krikkand	Kvinand	Siland	Andre andeartar*	Sum
Delområde 1	56%	45%	18%	5%	68%	40%	52%	53%
Delområde 2	1%	20%	8%	27%	7%	11%	0%	6%
Delområde 3	43%	30%	74%	58%	18%	40%	45%	37%
Delområde 4	1%	5%	0%	10%	17%	9%	3%	4%
Antal registreringar	2.795	773	123	138	424	139	65	4.652


* snadderand, knekkand, skjeand, toppand, svartand, bergand, laksand

november-mars

	Songsvane	Stokkand	Kvinand	Siland	Sum
Delområde 1	79%	16%	32%	11%	24%
Delområde 2	3%	36%	30%	35%	32%
Delområde 3	8%	46%	38%	51%	41%
Delområde 4	10%	2%	0%	3%	3%
Antal registreringar	215	1.487	63	37	1.809



Figur 3. Antall registreringar av ender per taksering i løpet av året fordelt på delområde 1 (grønt), 2 (kvitt), 3 (rødt) og 4 (turkis). Totalt tal på registreringar = 3.249.



Figur 4. Antall registreringar av stokkand per taksering gjennom året fordelt på delområde 1 (grønt), 2 (kvitt), 3 (rødt) og 4 (turkis). Totalt tal på registreringar = 2.260.



Med flokkar på opptil 3-400 fugl midtvinters er **stokkanda** den mest talrike overvintraren på Syltøran. Ho utnyttar moloane for å få ly ved ruskver (frå område 2).



På dei to øverste bilde ser vi delområde 3 med strandeng og brakkvass-kanalar, for grasender ein attraktiv biotop med godt skjul (bileta viser **brunnakke**, **stokkand** og **skjeand**, innfeldt ein stegg av skjeand i halvt myting). Å beita gras på strandenga er mest typisk for brunnakken, dei andre endene vist her ernærer seg av småkryp i vegetasjonen i tillegg. Av skjeanda forelegg berre eitt hekkefunn i kommunen, og **berganda** (underst) har status som muleg hekkefugl. Etter markert nedgang hekkar ho svært sparsamt i fjellstroka i landsdelen. Enkelte fuglar overvintrar på Syltørane, unntaksvis opptil 20 stk. Dette er ei dykkand som oftast held til på litt djupare vatn (frå område 4).




Vadefugl (Tabell 5, Figur 5 og 6)

Dei 18 registrerte artane vadefugl er trekkfuglar som forlet området om vinteren. Tjelden som var mest tallrik kjem først, allereie tidleg i mars, medan enkeltbekkasin oftast er den siste om hausten, og er å sjå enno i oktober (overvintring forekjem). Største antal som var notert av dei mest talrike artane: Tjeld 54, raudstilk 47 og sandlo 10 stk. Lokale hekkefuglar som storspove og vipe mellomandar her i mindre antal. Til liks med andefugl varierte bruken av områda mellom artane, men vadefugl nytta i noko større grad området lengst nord (4). Sandlo og gluttsnipe var oftast påvist i delområde 3 (hhv 56% og 42% av registreringane), tjeld og raudstilk o.a. vadarartar i delområde 1 (ca 40%). Hovudtrekket for arktisk hekkande vadarar går ytterst på kysten, og Syltøran utgjer ikkje nokon typisk rasteplass for dei. Av desse opptrådte berre myrsnipa i flokk (30 ind i delområde 1), og i tillegg var sett enkelte lappspove og polarsnipe.


Tabell 5. Antal registreringar av vadefugl fordelt på delområde 1-4 i april-oktober. Foretrekt område vist med raudt

	Tjeld	Sandlo	Raudstilk	Gluttsnipe	Myrsnipe	Andre vadefugl*	Sum
Delområde 1	40%	9%	42%	23%	91%	38%	37%
Delområde 2	38%	24%	9%	24%	0%	20%	27%
Delområde 3	12%	56%	28%	42%	9%	31%	24%
Delområde 4	10%	11%	21%	11%	0%	11%	12%
Antal registreringar	355	54	181	79	44	94	761

* heilo, vipe, småspove, storspove, svarthalespove, lappspove, steinvendar, polarsnipe, brushane, strandsnipe, temmincksnipe, skogsnipe, enkeltbekkasin



Figur 5. Antall registreringar av vadefugl per taksering gjennom året fordelt på delområde 1 (grønt), 2 (kvitt), 3 (rødt) og 4 (turkis). Totalt tal på registreringar = 808.




Figur 6. Antall registreringar av tjeld per taksering gjennom året fordelt på delområde 1 (grønt), 2 (kvitt), 3 (rødt) og 4 (turkis). Totalt tal på registreringar = 355.



Skogsnipe (øverst) og **grønstilken** (nederst) på trekk beiter i overflødd strandeng, truleg finn dei småkryp som flyt opp frå vegetasjonen (delområde 3). Begge er mest utbredt i innlandet, medan **steinvendaren** (t.h.) hekkar ytterst på kysten. Denne vadefuglen er ein årviss, men sjeldan trekkgjest på Syltørane.

Berre grønstilken er påvist hekkande i Surnadal, og er funne enkelte stader siste åra.





Ein flokk **myrsnipar** og **polarstnipar** (øverst), **tundrasnipe** (over t.v.), **fjellmyrløpar** og **svarthalespove** (t..h.) og **kvartbekkasin** (under). Dette er nordlege og austlege hekkefuglar som gjestar oss berre på trekk. Vi ser korleis både sniper og bekkasin nyttar strandenga som næringsareal (vesentleg i delområde 3), også etter at første isen har lagt seg. Å kunne bygga seg opp for ferda vidare må vera særleg viktig for langttrekkande artar som polarstnipe og tundrasnipe, med ei reiserute Sibir - Afrika.



Måsar og hegre o.a. (Tabell 6, Figur 7)

Fiskemåse, svartbak og gråmåse heldt til på Syltøran i varierende antal heile året, og spesielt viste gråmåsen aukande antal utover hausten. Han var ekstra talrik midtvinters (218 stk på det meste). Vår og haust talte også fiskemåsen ganske store flokkar – opptil ca 60-80 fugl. På den årstida opptrådte og sildemåse også hettemåse, enkeltvis eller i småflokkar. Ein polarmåse var å sjå seint om hausten. Utanom vinteren heldt måsane for det meste til ved Purka (delområde 1). Eit vanleg syn var at dei samlast ved rast på sandstrendene her ved fjære sjø. Unntaket var hettemåsen, som for det meste heldt seg unna Purka. Og om vinteren syntes gråmåsen å foretrekkja delområde 3 i større grad.

Gråhegren var den arten som viste størst preferanse for delområde 3 både sommar og vinter (ca 70-80%). Ved fleire tilfelle kunne ein sjå opptil 10-12 fuglar her på matsøk. Det tyder på gode tilhøve for fiske o.a. næringsøk. Storskarven er ein annan fiske-etatar, som i mindre antal trekkjer inn til Syltøran etter sommaren (sett einast i delområde 2 og 3).


Tabell 6. Antal registreringar av måse og gråhgre fordelt på delområde 1-4 i april-oktober og november-mars. Foretrekt område vist med raudt.

april-oktober

	Hettemåse	Fiskemåse	Gråmåse	Svartbak	Gråhegre
Delområde 1	5%	58%	75%	78%	30%
Delområde 2	54%	13%	11%	14%	2%
Delområde 3	41%	20%	13%	8%	70%
Delområde 4	0%	9%	1%	0%	18%
Antal registreringar	39	634	426	109	114

november-mars

	Fiskemåse	Gråmåse	Gråhegre
Delområde 1	58%	37%	2%
Delområde 2	0%	7%	13%
Delområde 3	42%	54%	83%
Delområde 4	0%	2%	2%
Antal registreringar	67	744	46



Figur 7. Antall registreringar av måsar per taksering gjennom året fordelt på delområde 1 (grønt), 2 (kvitt), 3 (rødt) og 4 (turkis). Totalt tal på registreringar =2.019.



Fiskemåsen er i dag einaste hekkande måseart innafor undersøkingsområdet. Andre måseartar samlast i flokk for matsøk og rast på sandbankar og moloar, tidvis i hundretal midtvinters. Bildet øverst viser ein vinterflokk av **svartbak** og **gråmåsar** på forskjellige alderstrinn (enkelte par som hekkar på bygningstak i området, nyttar strandsona for oppvekst). Om vinteren hender det at arktiske artar gjestar oss, særleg når dei blir pressa inn i fjordane av uvér. **Grønlandsmåsen** (t.v.) er årvisst på Syltørane.

Under ser vi ein **gråhegre** som jaktar på stimane med småfisk i brakkvasskanalane

i delområde 3, der han er mest å sjå. Dette er også viktig beiteplass for fiskender (laksand og siland).



Spurvefugl (Tabell 7, Figur 8 og 9)


Av dei 47 artane spurvefugl som vart påvist (kråkefugl ikkje medrekna), dreide det seg i hovudsak om fugl på trekk eller streif forbi. Størst var antalet i september – oktober, da relativt store flokkar samlast for rast, opptil fleire hundre fugl dagleg. Mest talrik var bokfink og bjørkefink. Vårtrekket er meir konsentrert og går raskare forbi. Naturleg nok tiltrekkjer delområde 3 med mest vegetasjon flest småfugl, særleg er tilgangen på frø viktig for finkar og busksporvar. Men også stare, trastar, erler og piplerker var i all hovudsak registrert her. Dette gjaldt og stort sett for artar som var meir fåtalige på trekket.

Av kråkefugl dominerte kråka (elles forekom ramn, skjære, kornkråke og kaie). Den sesongmessige variasjonen i kråkebestanden var tydeleg, med ein topp både på ettersommaren (truleg mest årsungar) og midtvinters (truleg trekkfugl frå innlandstrakter). Til liks med mange andre fuglar som lever av animalsk kost, søker kråka næring i fjøresona (mest i delområde 3). Fordi ho er territoriell i hekketida, opptrer ho for det meste parvis og i mindre antal på den tida.

Tabell 7. Antal registreringar av spurvefugl fordelt på delområde 1-4 i april-oktober. Foretrekt område vist med raudt.

April-oktober

	Stare	Trastar	Erler og piplerker	Busksporvar	Finkar
Delområde 1	-	-	5%	-	2%
Delområde 2	-	-	6%	1%	1%
Delområde 3	99%	100%	76%	99%	97%
Delområde 4	1%	-	13%	-	0,2%
Antal registreringar	75	123	273	315	756




Figur 8. Antall registreringar av spurvefugl (untatt kråkefugl) per taksering gjennom året fordelt på delområde 1 (grønt), 2 (kvitt), 3 (rødt) og 4 (turkis). Totalt tal på registreringar = 1.808.



Både haust og vår er Syltørane haldeplass for trekkande spurvefugl. Antalet er størst om hausten, da frøplanter i strandsona byr på rikeleg mat, særleg for finkar. Øverst (t.v.) ein **bergirisk** i eit matfat av engsyre og tangmelde. I høgsesongen rastar dagleg hundrevis av **bjørkefink** (øverst t.h.) og bokfink. Ved snøfall om våren er strandsona viktig som buffersone før trekk vidare. Somme artar er helst å sjå på den tida, t.d. fjellfuglar som **snøsporv** (t.v.) og **blåstrupe** (t.h.). Den lokale **songlerka** (under) har og behov for snøfrie område om våren, fordi ho ofte kjem før vinteren har sleppt taket. Småfuglar på trekk samlast mest i delområde 3, der vegetasjonen i og omkring strandenga er velutvikla og gir skjul og næring. Årleg blir her ringmerka tusenvis av spurvefugl i trekktida. Dette utgjer berre ein del av all fugl som trekkjer gjennom området, og illustrerer betydninga for trekkfugl.





Figur 9. Fordeling av antall registreringar av kråkefugl per taksering i løpet av året i delområde 1 (grønt), 2 (kvitt), 3 (rødt) og 4 (turkis). Totalt tal på registreringar 625.



Ei kråke er eit solid måltid for **Vandrefalken**, som dette bildet frå Syltøran viser. Det fuglerike området er viktig som matfat, og flygedyktige kull trekkjer gjerne hit for fuglejakt. Andre rovfugl som opptre her meir eller mindre regelmessig er havørn, sporvhauk, hønehauk, dvergfalk og tårnfalk, andre er sjeldne og meir tilfeldige (fiskeørn og musvåk)

5. OPPSUMMERING OG DISKUSJON

27

Undersøkinga stadfestar at Syltøran har størst betydning som raste- og beiteplass for fugl under trekk/streif og overvintring. Dei relativt store ansamlingane ein kan sjå til ulike årstider gjer området til eit av dei viktigaste beiteareal for fugl på Nordmøre. Det kan vera liten tvil om at ein her finn den største artsrikdomen av fugl i Surnadal kommune. Trass inngrep som et seg innpå, er området fortsatt av stor verdi som rasteplass for fugl. Totalt artstal (152) tilsvarar omtrent det som Hanssen (1980) rapporterte for Håsøran ved Sunndalsøra på 1970-talet (159). Han påviste noko fleire artar enn på Syltøran av både ender (19 mot 12) og vadefugl (26 mot 18), men truleg er fuglelivet der fattigare i dag, pga utbygging og inngrep i ettertid. Eidsvåggleira, ein av dei viktigaste trekklokalitetane i indre Romsdal, hadde på same tid omtrent tilsvarande artsmangfald av ender (10) og vadefugl (18) som det vi påviste (Nauste 1976). Dette viser at Syltøran kan måla seg med dei regionalt viktigaste rasteområda i fjordstrøka, og er klart viktigare for fugl enn andre elveosar i kommunen, som Todalsøra og Søysetøran (Gjøra mfl 2019, eigne data).

Som hekkeplass har Syltøran meir avgrensa betydning i dag, samanlikna med for nokre tiår sidan. Mest merkbart etter årtusenskiftet er at kolonihekkande ternar er forsvunne. Makrelltrena talte tidlegare fleire titals par, raudnebbterna var meir fåtalig. Også stokkand, krikkand, raudstilk og temmincksnipe synest ha gått tapt som hekkefuglar i undersøkingsområdet siste tiåra. I tillegg hekka enkelte hettemåsar tidleg på 1980-tal. Årsaken til nedgangen er truleg sammensatt, men høgst truleg spelar tapet av gode biotopar inn (strandeng med vegetasjon og kanalar var reir/oppvekstplass for ender). Terna var er ein nøkkelart ved å gi andre bakkerugarar vern mot predatorar. Få fuglar er meir effektive i angrep enn ternar i koloni. Dette kan ha hatt negative følger for både ender og vadefugl, kanskje også for måsar, som i seinare tid har flytta reirplass frå strandområda til taket av bygningar rett ved.

Kvifor ternene er borte er ikkje klårlagt, men tilbakegangen av makrellterne har ramma store delar av den norske hekkebestanden, og ho har i dag status som sterkt truga. Slike langdistansetrekkarar kan vera utsatt for mange farar som er vanskeleg å forstå fullt ut. Fokus berre på lokale faktorar gir neppe eit fullgodt svar, og det virkar lite sannsynleg at t.d. matmangel er eit problem i våre fjordtrakter i dag. Predatorar o.a. som forsyner seg av fugleegg og -ungar har alltid funnest i naturen, og villminken er heller ikkje noko nytt element i vår tid. At fleire ternekoloniar på Nordmøre vart ståande tomme på 1990-talet (Hals 2021, eigne data), lenge etter at minken var etablert, tyder på at andre årsakar har innverka. No er oteren i framgang i landet, og truleg er bestanden betre enn på over hundre år, etter tidlegare tiders etterstrebing. Også på Syltøran er han blitt meir vanleg. Kva konsekvensar det kan få for andre artar, gjenstår å sjå, men eit tenkeleg resultat er at han fortrenger minken. Vi har inntrykk av at det kan vera tilfelle.

Nedbygging av dei viktige våtmarksbiotopane har skjedd i eit omfang som kan karakteriserast eit globalt problem. På verdensbasis er det anslått at heile 75% av all kystnær våtmark gått tapt. Den skarpe nedgangen av mange artar vadefugl i heile det europeiske utbreiingsområdet kan sjåast i samanheng med dette. Tapet av desse vatnfuglbiotopane er betydeleg også i vår landsdel, og f.eks. langs Trondheimsfjorden er ca 30% blitt utradert (Størkersen 2020). Grunne mudderområde i møte mellom elveosar og tidevatn, slik som Syltøran, er kjent for ekstremt høg produksjon av virvellause dyr, og er blant dei mest produktive økosystem som finst (Odum 1971). Fordi dette utgjer basisføden for mange vatntilknytt fuglearter, er dette essensielle biotopar for rastande trekkfugl. Det produktive plantelivet er og ein viktig faktor. Sidan mattilgangen normalt er mest stabil ved sjøen og kysten, finst dei fleste rasteplassane

her. Beskytta fjordområde har vist seg særleg viktige på vårtrekk for fugl som skal vidare til 28 hekkeområde i høgareliggande strøk, da det er påvist større ansamlingar av rastande fugl her enn ytterst på kysten (Størkersen 2020). For fugl på returtrekk om hausten dannar Orkdalen-Surnadalen ei naturleg ledelinje frå rasteområda ved Trondheimsfjorden. Dei vil dermed samlast ved Surnas utløp, saman med fjellfugl og lokale hekkefuglar på trekk. Hausttrekket er meir langvarig enn det meir konsentrerte vårtrekket. I tillegg til trekket vår og haust fungerer tydelegvis Syltøran som rasteplass for fleire andearter på mytetrekk omkring midtsommar (hannar som forlet hekkeområda og samlast for myting).

Vern av Purka som naturreservat var eit viktig steg for å sikra naturverdiane på Syltøran, men for fuglelivet er det avgjerande at også andre delar av strandsona blir spart. Som del av Surnas elvedelta synest området ved den gamle elveosen nordafor å ha størst betydning for mange fuglearter i dag (særleg delområde 3). Dette er godt dokumentert i undersøkinga. Dette området utmerkar seg ved høg artsrikdom, også av sjeldne og raudlista fuglar. Mange artar opptrer i størst mengde her, både av ender, vadefugl, sporvefugl og hegre, og overvintrande fugl synest stort sett å foretrekka dette området. Ein viktig årsak er høgst truleg variasjonen i biotopar ein finn her, med mudderbankar, brakkvasskanalar, strandeng o.a. vegetasjon. Strandsona i nord (delområde 4) er meir einsarta og minst påverka av elva, og det er usikkert om dette kan seiast inngå i sjølve elvedeltaet. Strandsona er meir einsarta her, og det var registrert færre fugl enn i dei andre områda.

6. LITTERATUR

Artsdatabanken, 2018. Norsk rødliste for naturtyper 2018. Hentet (10.04.2021) fra <https://www.artsdatabanken.no/rodlistefornaturtyper>

Gjøra, O.R., Kvendbø, A. & Stenberg, I. 2019. Kartlegging av fugl i fem våtmarksreservat på Nordmøre i 2019: Sæterøya, Todalsøra og Batnfjordsøra. Rapport frå Norsk Ornitologisk Forening Møre og Romsdal. OUM-rapport nr 1-2019.

Hals, T. 2021. Hekkande sjøfugl og villmink på Frei, Kristiansund kommune. OUM-rapport nr 1-2021.

Hanssen, O. 1980. Rapport Oversikt over fuglelivet på Håsenørene, Sunndal kommune, Møre og Romsdal. Norsk Zoologisk Forening, Sunndal avdeling.

Henriksen S. og Hilmo O. (red.) 2015. Norsk rødliste for arter 2015. Artsdatabanken, Norge

Nauste, M. 1976. Eidsvågleira. Rapport til Nesset kommune.

Odum, E.P. +1971. Fundamentals of ecology. Third edition. W.B. Saunders company, Philadelphia, London, Toronto.

Størkersen, Ø. 2020. Masseforekomst av rødstilk og gluttsnipe våren 2020. Betydningen av mudderområder. Trøndersk Natur 31-38.

Vedlegg 1a. Fugleartar registrert i delområda 1-4 sesongen 2020-2021 (februar-mars), også utafor takseringane. Raud skrift: Artar på nasjonal raudliste (frå 2015). Artar som av NOF er klassifisert som sjeldne i Møre og Romsdal er markert *.

Art/Delområde	1	2	3	4	Art/Delområde	1	2	3	4
Smålom	x	x			Hettemåse	x	x	x	
Storlom			x		Fiskemåse	x	x	x	x
*Dvergdykkar			x	x	Gråmåse	x	x	x	x
Horndykkar	x		x	x	Svartbak	x	x	x	x
Storskarv	x	x	x		Sildemåse	x			
Gråhegre	x	x	x	x	*Polarmåse		x	x	
Songsvane	x	x	x	x	*Grønlandsmåse		x	x	
*Sædgås			x		Ringdue			x	
Kortnebbgås			x	x	*Jordugle			x	
Grågås	x	x	x	x	Tårnseglar			x	
Kanadagås	x		x	x	Songlerke		x	x	
*Kvitkinngås			x		Sandsvale	x	x	x	
Gravand		x	x		Låvesvale	x	x	x	x
Brunnakke	x	x	x		Taksvale	x	x	x	x
*Snadderand		x	x		Trepipierke			x	
Krikkand	x	x	x	x	Heipierke	x	x	x	x
Stokkand	x	x	x	x	Skjærpielerke			x	
*Stjertand			x		Gulerle	x		x	x
*Knekkand			x		*Vintererle			x	
*Skjeand	x	x	x	x	Linerle	x	x	x	x
Toppand	x		x		Fossefall			x	
*Bergand	x				Gjerdesmett			x	
Svartand	x				Jarnsporv			x	
Kvinand	x	x	x	x	Raudstrupe			x	
Siland	x	x	x	x	Blåstrupe			x	
Laksand	x		x	x	Raudstjert			x	
Havørn	x	x	x		Buskskvett			x	x
Spurvehauk		x	x		Steinskvett	x	x	x	
Vandrefalk	x	x			Svartrast			x	
Dvergfalk		x	x		Gråtrast			x	
Trane	x				Måltrast			x	
Tjeld	x	x	x	x	Raudvengtrast			x	
Sandlo	x	x	x	x	Ringtrast			x	
Tundralo			x		Møllar			x	
Heilo			x		Tornsongar	x		x	x
Vipe	x	x	x		Hagesongar		x		
*Temmincksnipe			x		Munk			x	x
Dvergsnipe			x		Gransongar			x	
Myrsnipe	x		x		Lauvsongar	x		x	x
Tundrasnipe	x				*Gulbrynsongar			x	
Brushane	x		x		Gråfluesnappar			x	
Enkeltbekkasin	x		x		Svartkvit fluesnappar			x	
*Svarthalespove	x				Svartmeis			x	
Lappspove			x		Blåmeis			x	
Småspove			x		Kjøttmeis			x	
Storspove	x	x	x		Spettmeis			x	
Rødstilk	x	x	x	x	*Varslar			x	
Sotsnipe			x		Nøtteskrike		x		
Gluttsnipe	x	x	x	x	*Nøttekråke		x		
*Skogsnipe			x		Kaie			x	
*Grønstilk			x		Skjære		x	x	x
Strandsnipe	x	x	x	x	Kråke	x	x	x	x
Polarsnipe	x	x			Ramn	x	x	x	
Steinvendar			x		Stare			x	x

**Vedlegg 1a
(forts)**

	1	2	3	4		1	2	3	4
Pilfink			x	x	Bergirisk	x	x	x	x
Gråsporv			x		Gråsisik			x	
Bokfink		x	x		*Polarsisik			x	
Bjørkefink			x		Brunsisik			x	
Grønfinnk			x		Gulsporv			x	
*Stillits			x		Sivsporv			x	
Grønnsisik			x		Snøsporv		x	x	
Tornirisk			x						

Vedlegg 1b. Fugleartar registrert i delområda 1-4 einast i åra 2015-2019 (ikkje sett i 2020-2021).

Art/delområde	1	2	3	4	Art/delområde	1	2	3	4
*Knoppsvane			x	x	*Alaskasnipe	x	x		
*Tundragås	x	x			*Kvartbekkasin			x	
*Stripegås	x		x		Lomvi				x
*Ringgås			x		Gauk			x	
*Rustand			x		*Hornugle			x	
Ærfugl	x	x	x	x	*Isfugl			x	
Havelle	x		x		Flaggspett			x	
*Lappfiskand	x	x	x		Dvergspett			x	
*Vaktel			x		*Fjellerke			x	
Hønschauk			x		*Svartryggerle			x	
*Musvåk		x			*Svartstrupe			x	
*Fiskeørn			x		Sivsongar			x	
Sandløper	x	x	x		*Tornskate			x	
Fjæreplytt			x		Kornkråke			x	
*Fjellmyrløpar			x		*Fjellerke			x	